

DFØ-rapport 2023:5

juni 2023

DFØs forvaltning av utredningsinstruksen 2022



Innhald

1 Bakgrunn, formål og avgrensing	2
2. DFØ – makt, interne retningslinjer og organisering.....	4
3. Førespurnadar om instruksen	6
3.1 Oversikt over førespurnadar vi har fått	6
3.2 Kort beskriving av utvalde saker.....	6
4. Samarbeid med andre aktørar	9
5. DFØ sitt kompetansetilbod og andre tiltak	11
Kurstilbodet.....	12
Kompetansenester på nettstaden til DFØ.....	13
Rådgiving, minikurs, innlegg og nettverk.....	14
5.2 Oppdatert rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar.....	17
5.3 Bistand til NSM sin rettleiar innan tryggleikstiltak.....	18
5.4 DFØ si rettleiing innan styring og leiing.....	18
5.5 Ansvar for deltaking i OECD sin Regulatory Policy Committee.....	20
6. Strategisk viktige enkeltoppgåver i 2023	22
6.1 Vidareutvikle resten av DFØ sitt kompetansetilbod	22
6.2 Synleggjere utgreiingsinstruksen på dei andre fagområda til DFØ og i DFØ sitt kompetansetilbod	24
6.3 Nettverk for regelverksforvaltning.....	24
6.4 Deltaking i OECD sin Regulatory Policy Committee (RPC).....	25
6.5 Etablere ein plan for vidareutvikling og gjennomføring av ei ny statusmåling om etterleving av utgreiingsinstruksen.....	25

1 Bakgrunn, formål og avgrensing

Direktoratet for forvalting og økonomistyring (DFØ) har på vegner av Finansdepartementet ansvaret for å forvalte utgreiingsinstruksen og økonomiregelverket. Finansdepartementet har i tildelingsbrevet for 2023 gitt DFØ dette oppdraget:

DFØ skal utarbeide årlege rapportar til departementet om eiga forvaltning av høvesvis økonomiregelverket og utgreiingsinstruksen. Rapportane skal peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som har komme fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2021. Rapporten skal vidare orientere om strategisk viktige enkeltoppgåver for DFØ innanfor regelverksområdet i 2023. Rapportane skal sendast til departementet innan 31. mars 2023. Formålet med den årlege rapporten om utgreiingsinstruksen er å gi Finansdepartementet eit grunnlag for å vurdere DFØ si forvalting av utgreiingsinstruksen det enkelte året.

I kapittel 2 står ein omtale av organisatoriske rammer, interne retningslinjer og organisering knytt til DFØ sitt arbeid med regelverkssaker.

Kapittel 3 inneheld ei oversikt over tal på førespurnadar frå departement og statlege verksemder om tolkinga og forståinga av utgreiingsinstruksen. Vi svarer òg på førespurnadar om samfunnsøkonomiske analysar. Vi beskriv eit utval førespurnadar nærmare.

Kapittel 4 inneheld ei oversikt over DFØ sitt samarbeid med andre aktørar om utgreiingsinstruksen.

Kapittel 5 inneheld ei beskriving av nokre aktivitetar som har vore sentrale i forvaltinga av utgreiingsinstruksen, medrekna DFØ sine kompetansenester som blir tilbydde til statlege verksemder.

Kapittel 6 inneheld ein kort omtale av strategisk viktige enkeltoppgåver for regelverksforvaltinga i 2023.

I tildelingsbrevet for 2023 står det òg at rapporten skal peike på eventuelle forhold av gjennomgåande karakter som har komme fram i Dokument 1 frå Riksrevisjonen for revisjonsåret 2021. Vi har ikkje funne spesielle forhold knytte til utgreiingsinstruksen i Dokument 1 som er av gjennomgåande karakter.¹

¹ Det er berre éi sak omtalt i Dokument 1 som knyter seg til utgreiingsinstruksen, som knyter seg til transportprosjekt og kva samfunnsøkonomiske analysar bør ha å seie versus andre typar analysar (medrekna ringverknadsanalysar), i eit samla avgjerdsgrunnlag (sjå side 77).

Regelverksrapporten om utgreiingsinstruksen blir gjennomgått i eit årleg fagmøte med Finansdepartementet og blir deretter publisert på dfo.no. Rapporten frå i fjor er publisert på nettsidene til DFØ.

2. DFØ – makt, interne retningslinjer og organisering

DFØ forvaltar utgreiingsinstruksen på vegner av Finansdepartementet. Dette ansvaret har vi hatt sidan den reviderte utgreiingsinstruksen tredde i kraft 1. mars 2016. DFØ har òg ansvaret med å forvalte økonomiregelverket, jf. eigen rapport til Finansdepartementet.

Forvaltingsansvaret for utgreiingsinstruksen omfattar å tolke, informere og rettleie om instruksen, vurdere behov for vidareutvikling og gi råd til Finansdepartementet om endringar i instruksen. Vidare skal DFØ oppdatere rettleiaren til utgreiingsinstruksen ved behov.

Dersom det kjem spørsmål om utgreiingsinstruksen eller rettleiaren til instruksen som reiser prinsipielle spørsmål, skal desse leggjast fram for Finansdepartementet. Andre aktuelle departement blir involverte ved behov.

DFØ har eit delt rettleatingsansvar med Justis- og beredskapsdepartementet, som har ansvar for føresegne som gjeld lover og forskrifter (kapittel 4), og med Utanriksdepartementet, som har ansvar for føresegne om EØS- og Schengen-saker (kapittel 5 og andre kapittel som gjeld denne typen saker).

DFØ si handsaming av førespurnadar er lagd opp etter dokumenterte interne retningslinjer og rutinar. Det blir gjort for å sikre god kvalitet, dokumentasjon og effektivitet. Alle skriftlege svar på førespurnadar blir arkiverte. DFØ tek imot førespurnadane på e-postadressa postmottak@dfa.no.

DFØ har òg ansvar for fagområdet samfunnsøkonomisk analyse, som mellom anna inneber å rettleie og svare på spørsmål om krava i Finansdepartementet sitt rundskriv R-109 om prinsipp og krav ved utarbeiding av samfunnsøkonomiske analysar m.m. Det er ein nærsamanhang mellom det rundskrivet og utgreiingsinstruksen. Utgreiingsinstruksen definerer *når* ein samfunnsøkonomisk analyse er nødvendig, mens rundskrivet fastset *korleis* ein slik analyse skal gjennomførast.

DFØ si forvalting av utgreiingsinstruksen blei frå august 2022 organisert i Enhet for offentlig ressursbruk (ORB)², som ligg i Divisjon for styring, organisering og ledelse (SOL). Oppgåver knytte til forvaltinga av utgreiingsinstruksen og fagområdet samfunnsøkonomiske analysar

² DFØ si forvalting av utgreiingsinstruksen var tidlegare plassert i Avdeling for utredning og analyse (AFA).

er i hovudsaka samla i ORB. Vidare er gode avgjerdsgrunnlag eit sentralt tema for fleire av dei andre fagområda som DFØ er ansvarleg for. Dette gjeld spesielt oppgåver i dei tre seksjonane Seksjon for Styring, Seksjon for tilskudd og Seksjon for ledelse, som ligg i Divisjon for styring, organisering og ledelse (sjå kapittel 5.3).

3. Førespurnadar om instruksen

DFØ handsamar førespurnadar om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar frå departement, underliggjande verksemder og allmennheita. Under gir vi ei kort beskriving av omfanget av og kva type førespurnadar DFØ har svart på i 2022.

DFØ svarer òg på ei rekke spørsmål i samband med kurs, innlegg, workshops/seminar og rådgivingsoppdrag, jamfør kapittel 5.

3.1 Oversikt over førespurnadar vi har fått

I 2022 handsama DFØ til saman 13 førespurnadar om utgreiingsinstruksen og om samfunnsøkonomiske analysar i samsvar med Finansdepartementet sitt rundskriv R-109/14.

Tabell 1 gir ei oversikt over tal på førespurnadar DFØ svarte på i perioden 2019–2022, fordelte på kva tema dei går på i instruksen. Dei fleste førespurnadane DFØ tok imot i løpet av 2022, gjeld innhaldskrava i utgreiingsinstruksen og metode for samfunnsøkonomiske analysar. Dette samsvarer med statistikk frå tidlegare år. Dette er to førespurnadar mindre enn i 2021. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var på om lag 4 dagar i 2022, mens ho var på 9 dagar i 2021.

Tabell 1: Tal på førespurnadar i perioden 2019–2022

Tema	2022	2021	2020	2019
Verkeområdet til utgreiingsinstruksen	4	5	6	2
Innhaldskrava i utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar	6	8	10	9
Prosesskrava i utgreiingsinstruksen	3	2	3	1
Totalt tal på førespurnadar	13	15	19	12

3.2 Kort beskriving av utvalde saker

I løpet av 2022 har vi svart ut førespurnadar av fagleg karakter som vist i kapittel 3.1, i tillegg til meir praktiske spørsmål knytte til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomisk analyse. Mange av førespurnadane og spørsmåla svarer vi ut munnleg per telefon, mens andre svarer

vi på skriftleg per e-post. I tillegg kjem det ofte mange spørsmål på kursa våre eller etterkant av kursa vi held. Vi tok i 2022 ikkje imot nokon førespurnadar av prinsipiell karakter.

Under følgjer ei kort beskriving av eit utval førespurnadar vi har handsama. Desse er sorterte under kapittel 1–3 i rettleiarene til utgreiingsinstruksen.

Spørsmål om verkeområdet:

Vi har fått spørsmål om det finst nokon klagehøve hos DFØ for saker som ikkje er tilstrekkeleg godt greidde ut. Vi informerte om at det ikkje finst nokon klageinstans, og at det er kvart enkelt forvaltingsorgan som sjølv må sikre at utgreiingsinstruksen blir følgd ved utgreiingar dei har ansvar for. Det følgjer av utgreiingsinstruksen punkt 1–3, der det står at det forvaltingsorganet som har ansvar for utgreiingsarbeidet, skal sikre at føresegnene i instruksen blir følgde. Her står det òg at kvart departement har eit overordna ansvar for kvaliteten på utgreiingane innanfor eigen sektor. Vidare tilrådde vi å eventuelt kontakte ansvarlege forvaltingsorgan i den aktuelle saka.

Spørsmål om krava til innhald:

Vi har fått spørsmål med bakgrunn i raske teknologiske endringar og lange utgreiingsprosessar, om det er slik at «beste tiltak» nærmast er utdatert når den samfunnsøkonomiske analysen (som ofte går over fleire år) er ferdig. Vi har svart at det ved kvar utgreiing er sentralt å svare på minimumskravet i instruksen for å komme fram til eit godt avgjerdsgrunnlag, og at storleiken på dei forventa verknadane av tiltaket skal vere avgjerande for kor grundig utgreiinga skal vere. Mellom anna er det viktig å komme fram til problemet som skal løysast, kva tiltak som er relevante, og kva usikkerheit som er forbunde med tiltaket. I dei tilfella der tiltaket er irreversibelt og det er stor usikkerheit knytt til kor samfunnsøkonomisk lønnsamt tiltaket er, er det relevant å vurdere såkalla realopsjonar (jf. DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar, kapittel 3.6). Vidare er det viktig å følgje opp det nye tiltaket som eventuelt blir sett i verk, for å sikre at forventa gevinstar blir realiserte (med tilvising til DFØ si rettleiing om gevinstrealisering).

Vi har òg fått spørsmål om det finst rettleiarar om samfunnsøkonomiske analysar i andre land, og om det finst rettleiing som går på verdsetting av liv og helse. Vi har svart at det finst ei rekke land som har utarbeidd rettleiing om samfunnsøkonomiske analysar i tillegg til mellom anna OECD og EU. På nettsidene til DFØ har vi samla eit utval av desse. Når det gjeld verdsetting av liv og helse, har vi svart at det i løpet av 2023 kjem meir utfyllande rettleiing frå Helsedirektoratet om dette temaet utover det som er gitt i DFØ si rettleiing.

Spørsmål om prosesskrava:

Vi har fått spørsmål om kor fritt ein står til å bruke formelle høyringar for å få innspel/synspunkt frå eksterne, sjølv om det kanskje formelt sett ikkje er krav om ei høyring. Vi har òg fått spørsmål om eit høyringsseminar der ein inviterer ut breitt, kan erstatte ei vanleg høyring. Vi har svart at prosesskrava må vurderast i kvar enkelt sak, og at ein må vurdere skjønnsmessig om eit tiltak er forventa å medføre vesentlege verknader, med

mindre det dreier seg om regelverksendringar (jf. DFØ sin rettleiar til utgreiingsinstruksen, kapittel 2.2). Dersom ein er i tvil om tiltaket har vesentlege verknader, bør ein gjennomføre ei formell høyring. Vidare bør ein berre bruke høyringsseminar som eit supplement til alminneleg høyring, også i dei tilfella ein er i tvil om tiltaket medfører vesentlege verknader.

Vi har òg fått spørsmål om det er mogleg å klage på at høyringsfristen er fastsett med for kort frist, og kven ein eventuelt kan rette ei klage til. Vi svarte at statlege verksemder sjølve er ansvarlege for å følgje instruksen, der det av punkt 3-3 går fram at høyringsfristen normalt skal vere tre månader, og ikkje mindre enn seks veker, med unnatak for EØS- og Schengensaker. Vidare følgjer det av instruksen at ei avgjerd om å fråvike instruksen skal treffast av øvste leiar i det ansvarlege forvaltingsorganet, og at denne skal vere skriftleg og motivert, og skal følgje saka (jf. punkt 1-4 i instruksen). Vidare informerte vi om at det eventuelt kan takast kontakt med aktuell verksemrd for å få ei nærmare grunngiving for kvifor ein har fråvike minimumsfristen i instruksen.

4. Samarbeid med andre aktørar

DFØ har eit delt rettleiingsansvar for utgreiingsinstruksen med Justis- og beredskapsdepartementet (JD) og Utanriksdepartementet (UD). DFØ har ansvar for å rettleie om føresegnehøva i kapittel 1–3. JD har ansvar for føresegnehøva som gjeld lover og forskrifter (kapittel 4), og UD har ansvar for føresegnehøva som omhandlar EØS- og Schengen-saker (kapittel 5 og andre kapittel som omhandlar denne typen saker).

Eit godt samarbeid med JD og UD er sentralt for å oppnå ei god forvalting av utgreiingsinstruksen. På nettstaden til DFØ er det oppgitt kontaktinformasjon til JD og UD ved førespurnadar som omhandlar kapittel 4 og 5 i utgreiingsinstruksen.

DFØ har i 2022 samarbeidd med FIN og JD om arbeidet med å oppdatere utgreiingsinstruksen og tilhøyrande rettleiing (sjå kapittel 5.1). Vi har ikkje hatt kontakt med UD i 2022 utover kontakt i samband med referansegruppa til OECD-komiteen som er nemnd under. Vidare har FIN halde oss informerte om det pågående arbeidet med EØS-saker. Dette gjeld òg endringsforslag til utgreiingsinstruksen og tilhøyrande rettleiar, der UD har vore involvert saman med JD og FIN i ei arbeidsgruppe.

DFØ har òg hatt dialog og samarbeid med andre aktørar i andre samanhengar:

- DFØ har hatt jamlege kontaktmøte med Regelrådet med formål om gjensidig informasjonsutveksling og diskusjon om relevante samarbeidsflater.
- Dialog med Concept i form av å delta i referansegruppene til kvarandre (sjå kapittel 5.1).
- DFØ deltek i styringsgruppa til «Nettverk for rettslige styringsinstrumenter» saman med representantar frå Forsvaret, DSB, Politidirektoratet og Skatteetaten (jf. kapittel 5.1).
- DFØ har jamlege møte med den tverretatlege metodegruppa innan samferdselsområdet (sjå kapittel 5.1).
- Vi har samarbeidd med Nasjonal sikkerhetsmyndighet (NSM) i samband med å utarbeide ny rettleiing om sikringstiltak (sjå kapittel 5.3).
- Vi har samarbeidd med NFD, KMD, FIN, UD, JD, Regelrådet og Digitaliseringsrådet gjennom å delta i DFØ si referansegruppe knytt til norsk deltaking i OECD-komiteen Regulatory Policy Committee (sjå kapittel 5.5).

DFØ hadde elles i april 2022 det årlege fagmøtet med FIN for å gå gjennom rapporten om DFØ si forvaltning av utgreiingsinstruksen i 2021. DFØ har òg løpende fagdialog med FIN om ulike typar oppgåver og metodeutvikling.

DFØ har òg vore i dialog med andre departement og underliggende verksemder i samband med enkeltoppdrag og prosjekt. I kapittel 5 er det gitt meir informasjon om kva resultat samarbeidet med ulike aktørar har munna ut i.

5. DFØ sitt kompetansetilbod og andre tiltak

DFØ sitt kompetansetilbod knytt til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar er ein sentral del av ansvaret vårt for å forvalte utgreiingsinstruksen. I dette kapittelet gir vi ein omtale av kompetansetilbodet vårt. Vidare gir vi ei beskriving av andre tiltak og erfaringar som viser korleis DFØ har forvalta utgreiingsinstruksen gjennom 2022.

DFØ sitt kompetansetilbod knytt til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar er ein sentral del av ansvaret vårt for å forvalte utgreiingsinstruksen. I dette kapittelet gir vi ein omtale av kompetansetilbodet vårt. Vidare gir vi ei beskriving av andre tiltak og erfaringar som viser korleis DFØ har forvalta utgreiingsinstruksen gjennom 2022.

DFØ si målsetjing er at det skal gjennomførast fleire og betre utgreiingar i staten. Kompetansenestene til DFØ skal bidra til å heve nivået på utgreiingskompetansen til departement og underliggjande verksemder. Ulike studiar, medrekna DFØ si statusmåling om utgreiingsinstruksen, som blei publisert i februar 2020, viser at det er eit vesentleg betringspotensial når det gjeld kvaliteten på utgreiingar av statlege tiltak.³

DFØ tilbyr kurs, rettleiing, workshops/seminar, rådgiving og eit nettverk for samfunnsøkonomiske analysar. Vi innhentar synspunkt frå brukarane våre om kva utfordringar og behov dei har i samband med utgreiingar av tiltak, for at kompetansetilbodet til DFØ skal opplevast som relevant og brukarvennleg. Vidare involverer vi brukarane våre ved utvikling av nye tenester og ved vidareutvikling av eksisterande tenester.

Samarbeid med andre offentlege og private aktørar som har praktisk erfaring med å gjennomføre utgreiingar, kvalitetssikre utgreiingar og annan relevant utgreiingskompetanse, gir nyttig innsikt og kunnskapsdeling som gjer DFØ i stand til å levere gode og brukarretta kompetansenester (jamfør kapittel 4).

DFØ si kunde- og brukarundersøking for 2022 viser at dei som bruker DFØ sine kompetansenester innan utgreiingsinstruksen, er svært fornøgde, jamfør omtale i årsrapporten. Vidare viser evalueringane våre av kurs- og nettverksmøte gode brukartilbakemeldingar (sjå under).

³ DFØ-rapport 2020:1 Tilfredsstiller statlege utgreiingar krava i utgreiingsinstruksen?

Kurstilbodet

I 2022 blei det halde både digitale og fysiske kurs om utgreiingsinstruksen, mens vi i 2021 og 2020 berre hadde eit digitalt tilbod som følgje av koronaepidemien. Vi har halde eitt fysisk kurs og eitt digitalt kurs om utgreiingsinstruksen, hvv. på våren og hausten i 2022. I tillegg blei det halde eit digitalt kurs om samfunnsøkonomiske analysar våren 2022.

Det fysiske kurstilbodet om utgreiingsinstruksen blir halde som heildagskurs. Mens det digitale kurstilbodet om utgreiingsinstruksen, som er basert på det fysiske kurset, blir halde over to halve dagar for at det skal vere betre tilpassa eit digitalt format. Som ein del av kurset blir det gjennomført gruppeoppgåver ved begge kurstilboda.

Det digitale kurset om samfunnsøkonomiske analysar gir ein introduksjon til denne typen analysar, og er eit kurs som varer i 2 timer. Gruppeoppgåver er ikkje tekne med som ein del av dette kurstilbodet, mens det i staden er opna for spørsmål undervegs i kurset.

Det har vore stor interesse for desse kursa, og vi har som regel ventelister til desse. Vi har kunna auke talet på deltakarar på kursa etter kvart som både kurshaldarar og brukarar er blitt meir erfarne og kompetente på digitale plattformer.


På det fysiske kurstilbodet om utgreiingsinstruksen blei det i 2022 sett eit tak på 60 påmelde. For det digitale kurstilbodet har vi gradvis auka talet og sett eit tak på 70 påmelde. Til samanlikning var det i 2021 sett eit tak på 49 påmelde. Handtering av grupper og gruppearbeid har vore førande for maks. tal kursdeltakarar ved begge kurstilboda. I tillegg set storleiken på kurslokala våre avgrensingar for kor mange deltakarar det kan vere på dei fysiske kursa.

Etter kvart kurs blir det sendt ut ei evaluering der deltakarane blir bedde om å rangere fleire aspekt ved kurset med ein skår frå 1 til 6. Kursa om utgreiingsinstruksen fekk denne gjennomsnittsskåren på desse spørsmåla:

- 5 på spørsmålet *Kor fornøgd er du med ditt eige faglege utbyte?*
- 5,2 på spørsmålet *Kor fornøgd er du med det faglege innhaldet i arrangementet?*

I figuren under ser du gjennomsnittsskåren for dei to spørsmåla nemnde over for åra 2022, 2021 og 2020. Det er framleis ein litt lågare skår på dei digitale kursa enn på dei fysiske kursa som blei haldne i 2022. Meir erfarne kurshaldarar og kursdeltakarar forklarer truleg årsaka til gradvis betre evalueringar på det digitale kurstilbodet frå 2020 til 2022. Vi planlegg å tilby ein kombinasjon av digitale og fysiske kurs også framover (sjå kapittel 6).

Figur: Her ser du gjennomsnittskåren for spørsmåla «Kor fornøgd er du med ditt eige faglege utbyte?» og «Kor fornøgd er du med det faglege innhaldet i arrangementet?» for åra 2022–2020.



Det digitale kurset i samfunnsøkonomiske analysar blei prega av nokre tekniske utfordringar, men fekk likevel relativt gode tilbakemeldingar med ein gjennomsnittleg skår på 4,2 og 4,4 på høvesvis fagleg utbyte og fagleg innhald. Til samanlikning fekk dette kurset i 2021 ein gjennomsnittleg skår på 4,8 og 5,2 på høvesvis fagleg utbyte og fagleg innhald. Kurset blei gjennomført med 193 påmelde, der i underkant av 100 følgde heile eller delar av kurset.

DFØ tilbyr dessutan to e-læringskurs, eit kurs om utgreiing av statlege tiltak og eit noko eldre kurs om forenkla analysar. Ved å tilby nettkurs har statsforvaltinga tilgang til kurs der dei er, og når dei har behov for læring. Begge nettkursa er tilgjengelege på Læringsplattformen til DFØ og på nettsida vår om fagområdet utgreiingsinstruksen.

Totalt har 293 personar gitt ei evaluering av nettkurset om utgreiing av statlege tiltak sidan kurset blei lansert i 2018. Kurset har i gjennomsnitt fått 5 av 6 moglege stjerner. Statistikken vår viser at det var om lag 250 personar som fullførte kurset i 2022, mens det var om lag 300 og 230 som fullførte i høvesvis 2021 og 2020. Talet på personar som har teke kurset, har altså vore relativt stabilt dei siste åra. For det andre nettkurset manglar vi statistikk over kor mange som har teke kurset.

Kompetansenester på nettstaden til DFØ

På nettstaden til DFØ tilbyr vi ei rekke kompetansenester knytte til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar. Vi har mellom anna lagt ut ei rekke videoar om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar på [nettsidene våre](#). Desse er eit supplement til andre kurstilbod, og planen er å vidareutvikle dette tilbodet i 2023 (sjå kapittel 6).

På nettsidene våre finn du òg rettleiarane innanfor utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar:

- DFØ sin rettleiar til utgreiingsinstruksen (2018)
- DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar (2018)

Vi tek sikte på at oppdaterte versjonar av desse to rettleiarane blir publiserte i løpet av 2023 (jf. kapittel 6).

Bakgrunnen for arbeidet med å oppdatere rettleiaren til utgreiingsinstruksen var eit behov for oppdateringar på EØS-området i sjølve instruksen og tilhøyrande rettleiing. Basert på mellom anna innspel og dialog med brukarane våre har det òg vore behov for å gjere enkelte justeringar i instruksen og rettleiingsteksten til dei andre sakene. Forslag til endringar i utgreiingsinstruksen og tilhøyrande rettleiing blei sende på ei departementsforelegging av FIN hausten 2022, der DFØ har bistått med å innarbeide innspela frå denne runden.

Sjå beskriving av arbeidet med å oppdatere rettleiaren i samfunnsøkonomiske analysar i kapittel 5.2.

DFØ tilbyr òg ei rekke praktiske verktøy og andre ressursar som kan vere nyttige for å greie ut statlege tiltak. Eksempel på desse er nettkurs, tips til bestilling av utgreiingar og samfunnsøkonomiske analysar og sjekkliste ved utgreiing av statlege tiltak.

Vi har òg eit spel om utgreiingsinstruksen, som blei utvikla i samarbeid med eit konsulentselskap og lagt ut på nettstaden vår i 2020. I 2022 var det om lag 1080 som var registrerte som brukarar av spelet, mens det i 2021 og 2020 var hhv. om lag 700 og 500 registrerte brukarar. På bakgrunn av at det er relativt få brukarar som har spelt mykje sidan kurset blei lansert⁴, valde vi å avslutte spelet i desember 2022.

Rådgiving, minikurs, innlegg og nettverk

DFØ tilbyr noko rådgiving til statlege verksemder som skal bestille eller gjennomføre ei utgreiing. Rådgivinga er basert på hjelp-til-sjølvhjelps-prinsippet. Prinsippet inneber at vi ikkje gjennomfører utgreiingar eller utarbeider rettleiarar for verksemder. Vi kan derimot hjelpe til med råd om metode og korleis oppfylle krava i utgreiingsinstruksen og Finansdepartementet sitt rundskriv om samfunnsøkonomiske analysar.

I 2022 hjelpte vi fire verksemder med noko rådgiving innan utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar. Desse var NORNE SK, Digitaliseringsdirektoratet, Regelrådet og KDD. Den sistnemnde hjelpa til KDD gjaldt det såkalla Departementsakademiet, der DFØ

⁴Det er berre 15 prosent som har fullført meir enn halve kurset.

via å delta i fagrådet til akademiet har gitt bistand til korleis kurs om utgreiingsinstruksen kan utformast for departementstilsette.

Til samanlikning hadde vi i 2021 fem rådgivingsoppdrag, ingen i 2020 og fire i 2019. Vidare har vi i 2022 svart på ei rekke førespurnadar (sjå kapittel 3) og gitt råd i samband med sektor- og temarettleiarar knytte til utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomisk analyse (sjå under).

Vidare har vi i 2022 hatt møte med den tverretatlege metodegruppa innan samferdsel (som består av ei rekke underliggjande etatar). På eitt av møta hadde vi desse punkta på agendaen: status for DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomisk analyse, strategien for metodearbeidet i NTP, arbeidet som held på innanfor ikkje-prissette verknader hos DFØ, og ulike oppgåver innanfor klimaområdet.

I 2022 heldt vi minikurs/workshops/innlegg for desse fem verksemndene i tillegg til eit offentleg ekspertutval: (til samanlikning heldt vi for åtte verksemder i 2021)

- Kommunal- og distriktsdepartementet
- Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap
- Helsedirektoratet
- Jernbanedirektoratet
- Politidirektoratet
- Totalberedskapskommisjonen

I tillegg kjem det fram kor viktig det er med gode avgjerdsgrunnlag, i DFØ sin direktørblogg og i andre fagblogginnlegg.

Vidare tilbyr vi bistand i samband med sektor- og temarettleiarar, som er supplerande rettleiing til DFØ sitt rettleiingsmateriell. Eit viktig siktemål med å delta i den typen arbeid er å sørge for at krava samsvarer med gjeldande krav om utgreiingar og DFØ si rettleiing om korleis desse kan oppfyllast på best mogleg måte. Vi deltek òg i arbeid med å utvikle metodar som blir gjennomført av andre statlege verksemder, akademia eller konsulenthus. I 2022 var vi med på dette arbeidet:

- Vi deltok i ei referansegruppe til Finansdepartementet si rettleiing om konseptvalutgreiingar innanfor staten sin prosjektmodell.
- Vi deltok i ei referansegruppe til e-helse sin samfunnsøkonomiske analyse av eit digitaliseringsprosjekt.
- Vi deltok som sparringspartner, saman med FIN, i samband med ei KS1 av konseptvalutgreiing (KVU) av oppgradering av Troll – Noreg sin forskingsstasjon ved Antarktis.
- Vi deltok i ei referansegruppe til Concept sin studie om temaet nullalternativet i ein samfunnsøkonomisk analyse.

- Vi deltok saman med FIN i ei referansegruppe til Helsedirektoratet sin rettleiar om verknader på folkehelsa. Arbeidet med rettleiaren har halde på sidan 2020.

DFØ har eit nettverk for samfunnsøkonomiske analysar med over 500 medlemmer. Formålet med nettverket er å auke kunnskapen om samfunnsøkonomiske analysar og bidra til å utveksle erfaringar og bygge nettverk. Vi arrangerer to nettverksmøte i året, eitt på våren og eitt på hausten. I 2022 blei begge nettverksmøta gjennomførte fysisk. Vi publiserer som regel eit kort referat frå nettverksmøtet, og eventuelle videopptak, som blir lagde ut i etterkant av kvart møte på [nettverket sine nettsider](#).

Nettverksmøtet som blei halde våren 2022, hadde tittelen «Hvordan organisere arbeidet for å få til gode utredninger?». Representantar frå Direktoratet for e-Helse, Statsbygg og Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet delte erfaringane sine med korleis dei organiserer arbeidet sitt og arbeider med utgreiingar.

Tittelen for nettverksmøtet som blei halde hausten 2022, var «Jakten på den forsvunne lønnsomhet – om ringvirkningsstudier og fordelingsanalyser». Rasmus Bøgh Holmen (TØI) innleidde til temaet om netto ringverknadsstudiar og korleis slike studiar blir gjennomførte innanfor ulike samfunnsområde. Eivind Tveter (Høyskolen i Molde) gav vidare innsikt i forskinga på netto ringverknader, mens Ingrid Hjort (BI) gav konkrete eksempel på korleis ein har prøvd å sette lys på fordelingsverknader ved utgreiingar ho hjalp til med under covid-19-pandemien.

I evalueringa av nettverksmøta ber vi deltakarane om å rangere fleire forhold ved nettverksmøta med ein skår frå 1 til 6. På spørsmåla om eige fagleg utbyte og kvaliteten på det faglege innhaldet fekk desse to nettverksmøta ein gjennomsnittsskår på høvesvis 4,8 og 5,1. Til samanlikning var gjennomsnittsskåren for nettverksmøta i 2021 på høvesvis 5,4 og 5,1.

Vidare er DFØ medlem av styringsgruppa for «Nettverk for regelverksforvaltning» saman med representantar frå Forsvaret, DSB, Politidirektoratet og Skatteetaten. DFØ har òg eit administrativt ansvar for nettverket. Nettverket blei etablert i 2019 og er ope for tilsette i statlege verksemder som arbeider med regelverksforvalting. Formålet med nettverket er å bidra til ein betre reguleringspraksis i statsforvaltinga. Det skal bidra med fagleg påfyll, utveksling av erfaringar, kompetanse og kontakt med andre som arbeider innan reguleringsfeltet.

Nettverket vil arrangere seminar som tek opp ulike tema i ein reguleringsprosess som utvikling og utarbeiding av regelverk, undersøking av etterlevingspraksis, sanksjonar ved regelverksbrot og evalueringar av resultat og måloppnåing. I 2022 blei det halde eit fysisk møte med temaet «Kva kan sikre god etterleving av regelverk?». I tillegg til innlegg frå styringsgruppa var det innlegg frå professor Stig S. Gezelius (Universitetet i Sørøst-Norge),

høgskulelektor Anne Marthe Bjørnness, høgskulelektor ved Politihøgskolen og Ph.d.-kandidat ved NHH, og Silje Undahl (Skattedirektoratet sitt åtferdsteam). Det står kort om programmet og innlegga under tidlegare arrangement på [nettverket sine nettsider](#). Framover tek vi sikte på å arrangere eitt nettverksmøte i halvåret.

5.2 Oppdatert rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar

Bakgrunnen for å oppdatere DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar frå 2018 var at vi trong å ta inn nyare metodiske vurderingar, møte behov vi har fanga opp i dialogen vår med brukarar, og styrke den pedagogiske framstillinga. Målgruppa for rettleiaren er først og fremst dei som skal utføre analysar i departement og statlege verksemder, men han er òg relevant for dei som skal bestille analysar og ta avgjerder om val av tiltak. I tillegg er konsulenterselskap som utfører slike analysar på oppdrag frå staten, viktige interessentar når det gjeld å sikre gode og konsistente analysar internt og på tvers av ulike sektorar. Rettleiaren gir òg tips og råd ved utforming av supplerande sektor- og temarettleiarar.

Arbeidet med å oppdatere rettleiaren starta opp i 2022, med noko forarbeid hausten 2021. Vi oppretta ei referansegruppe bestående av departement og underliggjande etatar samt ei utvida referansegruppe bestående av konsulenter, forskingsmiljø og alle departementa. I tillegg har vi fått bistand frå ein ekstern konsulent med brei erfaring og kompetanse innanfor samfunnsøkonomiske analysar. Vidare har vi hatt eigne møte og dialog med enkelte verksemder ved behov.

I tillegg til nær involvering av referansegruppene undervegs i arbeidet med å utarbeide rettleiinga innhenta vi brukarinsikt både i form av intervju og spørjeundersøkingar for å kartlegge kva delar av rettleiinga som hadde størst oppdateringspotensial.

Ettersom Finansdepartementet si rettleiing om konseptvalutgreiingar under staten sin prosjektmodell blir oppdatert parallelt med vår rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar, har det vore viktig å ha dialog med FIN om arbeidsdeling og konsistens mellom desse to rettleiarane. Som nemnt i kapittel 5.1 har DFØ delteke i referansegruppa til FIN si rettleiing og gitt innspel til denne via deltakinga.

Vidare har utgreiingsinstruksen og tilhøyrande rettleiing frå DFØ blitt oppdatert parallelt med at vi har oppdatert rettleiaren i samfunnsøkonomiske analysar. Også her har det vore viktig å finne ei god arbeidsdeling mellom desse to rettleiarane og sørge for konsistent omgrep- og metoderettleiing.

5.3 Bistand til NSM sin rettleiar innan tryggleikstiltak

DFØ fekk i supplerande tildelingsbrev av oktober 2021 og i tildelingsbrev for 2022 frå FIN i oppdrag å bistå Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) med eit todelt oppdrag. Den første delen gjekk ut på å utarbeide ein rettleiar for utgreiing av førebyggjande tryggingstiltak retta mot objekt og infrastruktur, mens den andre delen gjaldt å utarbeide kriterium for vurdering av satsingsforslag i saker om førebyggjande objekt- og infrastrukturtryggleik. Dette var eit oppdrag frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Forsvarsdepartementet (FD) og Finansdepartementet (FIN). Bakgrunnen for oppdraget er at det framover må gjerast strenge prioriteringar av offentlege tiltak. Det må sjåast i samanheng med at det økonomiske handlingsrommet i tida framover blir meir avgrensa.

NSM har vore prosjektleiar for oppdraget, mens DFØ har bistått med prosjektmedarbeidar. Det blei oppretta ei styringsgruppe i samband med utarbeiding av rettleiaren, som bestod av representantar frå JD, FD og FIN. Vidare blei det oppretta ei referansegruppe beståande av JD, KDD, FD, Statsbygg, Forsvarsbygg, DSS, e-helse og konsulentelskapet Menon.

Prosjektgruppa leverte eit endeleg utkast til rettleiar innan avtalt frist den 20. juni 2022, som var første del av oppdraget. Det blei halde eit møte i styringsgruppa for å diskutere rettleiingsutkastet og endringsforslag frå styringsgruppa. Det trengst ei nærmare avklaring om kva endringar som bør gjerast. Vidare arbeid med denne er derfor sett på vent inntil vidare. Tilsvarande gjeld for andre del av oppdraget, som går ut på å utarbeide kriterium for satsingsforslag i saker om førebyggjande objekt- og infrastrukturtryggleik.

5.4 DFØ si rettleiing innan styring og leiing

Utgreiingsinstruksen og gode avgjerdssgrunnlag er eit sentralt tema for fleire av fagområda som DFØ er ansvarleg for. Dette gjeld spesielt oppgåver i dei tre seksjonane Seksjon for Styring, Seksjon for tilskudd og Seksjon for ledelse, som ligg i Divisjon for styring, organisering og ledelse (SOL). Nedanfor gir vi ein kort omtale av relevante oppgåver/prosjekt innanfor desse fagområda.

DFØ sitt kompetansetilbod innan styring og tilskot

DFØ vil setje søkjelyset på kva som kan gjere brukarane i stand til å dimensjonere styringa rett, for eksempel justere rapporteringskrav ut frå behov og justere ressursbruk i styringsaktivitetar slik at ein oppnår forsvarleg og effektiv styring og kontroll. I tråd med formålsparagrafen i ØR om meir effektiv måloppnåing innanfor dei rammene verksemda er tildelt, vil vi støtte brukarane i ei heilskapleg tilnærming til styring. Det inkluderer det å vurdere behov for avgjerdssgrunnlag og styringsinformasjon i samsvar med risiko, vesentlegheit og eigenart.

DFØ ser ut frå førespurnadar at brukarane har behov for støtte til å omsetje DFØ sin bodskap til nyttig praksis. Her kan DFØ i større grad setje brukarar i stand til å lære av kvarandre sine

erfaringar gjennom f.eks. deling av eksempel. Omgrepssforståing er viktig for å sikre god dialog i styringa. DFØ vil sjå nærmare på utfordringar i omgrepss bruk i statleg styring i 2023.

DFØ har delteke i OECD si Policy Evaluation Expert Group, som i juli 2022 vedtok nye tilrådingar for bruk av evaluering i offentleg sektor (Recommendation on Public Policy evaluation). Tilrådingane inkluderer førehandsevaluering (utgreiing). Vi inviterte OECD til Noreg for å presentere tilrådingane på årets evalueringskonferanse i Oslo, med omtrent 120 deltakarar, og i eit eige møte hos DFØ, der Riksrevisjonen, KDD og FIN deltok. Vi følgjer opp arbeidet med å gjere tilrådingane kjende og vurdere kva dei bør ha å seie for norsk forvalting i 2023. DFØ presenterte kudos.no på arbeidsmøtet i ekspertgruppa i OECD denne hausten.

DFØ har saman med Nasjonalbiblioteket og DSS laga nettstaden <https://kudos.dfo.no/>. Der er det samla og tilgjengeleggjort nesten 20 000 dokument, medrekna mange typar avgjerdsgrunnlag, for eksempel NOU-ar, førehandsutgreiingar, KVU/KS-1/KS-2-rapportar og områdegjennomgangar. Tilgjengeleggjeringa kan legge til rette for at departement og statlege verksemder kan lære korleis utgreiingar faktisk blir gjennomførte på tvers av ulike sektorar.

Frå 1.1.2023 er det no eit krav i [føresegner om økonomistyring i staten](#) som gjeld førehandsevalueringar og andre evalueringar:

«Virksomheten skal sørge for at evalueringar som er gjort tilgjengelig for allmennheten, blir avlevert til Nasjonalbiblioteket i tråd med [pliktavleveringslova § 4](#). Avlevering i henhold til [pliktavleveringslova § 4](#) er ivaretatt ved digital avlevering eller innsamling til kudos.dfo.no.»

Når det gjeld tilskotsområdet, hadde DFØ i 2021 ein gjennomgang av rettleiingstilbodet vårt. Vi har vurdert at kvaliteten på tilskotsregelverka er varierande og trur at desse kan bli betre med eit betre avgjerdsgrunnlag i botn. På bakgrunn av gjennomgangen arbeider vi med å vidareutvikle rettleiingstilbodet om tilskotsforvalting på nettsidene våre. Noko som inngår i denne omtalen, er kor viktig det er å ha eit godt avgjerdsgrunnlag både før ein vel tilskot som verkemiddel, og dersom ein gjer endringar i tilskotsordningane.

I desember 2022 lanserte DFØ og Kultur- og likestillingsdepartementet ei ny teneste, tilskot.no. Denne gir oversikt over statlege tilskotsordningar som frivillige organisasjonar kan søkje på. Her finn du òg informasjon om tilskotsmottakarar og tildeling av tilskot. Nøkkeltala i løysinga viser tildelt tilskot fordelt på departement, tilskotsforvaltarar, type tilskotsmottakarar og geografi. Det er enkelt å laste ned informasjonen, slik at han kan gjenbrukast mellom anna til å gjere meir heilsaklege analysar både før ein etablerer tilskot, og dersom ein gjer endringar i innretninga av ordningane. Ei samla oversikt gir betre grunnlag for å vurdere tilskotsordningane i samanheng, slik at dei treff rette søkerar, gir god måloppnåing og bidreg til effektiv ressursbruk.

DFØ sitt kompetansetilbod for leiarar i staten

På bakgrunn av resultata frå DFØ si statusmåling om kvaliteten på utgreiingar av statlege tiltak meiner vi at DFØ sitt kompetansetilbod i større grad må rette seg inn mot leiarar. Ein føresetnad for god kvalitet på styringa er at det ligg føre gode avgjerdsgrunnlag i samsvar med krava i utgreiingsinstruksen. Dersom leiarar ikkje i større grad forankrar instruksen i styringa, blir det truleg inga betring i neste statusmåling om utgreiingskvaliteten.

DFØ lanserte våren 2021 eit nytt digitalt kurstilbod retta mot nye leiarar i staten. Kurset består av tre modular⁵ og 15 ulike sprintar, som er ei læringsøkt om eit bestemt tema. Ein av sprintane i modul 2 om «Løpende oppgaver og hverdagsledelse» er sprint 6 om temaet «Beslutningsgrunnlag». Formålet med denne sprinten er å vise kva rolle og ansvar leiarar har for å etterleve krava i utgreiingsinstruksen. Vidare blir òg utgreiingsinstruksen og gode avgjerdsgrunnlag nemnt i tre andre sprintar i kursmodulen.

I 2022 var om lag 200 personar innom sprinten om avgjerdsgrunnlag i Ny som leder i staten-tilbodet. Til samanlikning var det om lag 500 personar som var innom sprinten i 2021.

Evalueringa av sprinten viser desse gode resultata:

- 95 % svarer at dei likte sprinten frå greitt til svært godt.
- 94 % svarer at dei lært noko nytt frå i nokon grad til i svært stor grad.
- 79 % svarer at dei trur sprinten påverkar leiarutøving frå i nokon grad til i svært stor grad.
- 80 % svarer at dei trur sprinten vil verke inn på resultata frå i nokon grad til i svært stor grad.

5.5 Ansvar for deltaking i OECD sin Regulatory Policy Committee

Finansdepartementet delegerte ansvaret for å følgje opp OECD sin Regulatory Policy Committee (RPC) til DFØ i 2018. Dette innebar òg å sikre rolla som ansvarleg koordinator for Noreg sin medlemskap i denne komiteen. DFØ vurderer det slik at det å delta i komiteen gir nyttig innsikt om reguleringsarbeid i andre land og er ein arena for å knyte seg til relevante nettverk internasjonalt. OECD produserer ei rekke sentrale dokument som gjeld både *innhald* i ei utgreiing (medrekna før-, underveis- og etter-evalueringar) og kor viktig prosess (involvering av berørte og andre) er i samband med utgreiingsarbeidet.

Eit viktig siktemål med å delta i komiteen er å vurdere kva Noreg kan lære av andre land, og å spreie erfaringar og kunnskap om arbeidet i denne OECD-komiteen. DFØ si deltaking i komiteen vil elles vere ei kjelde til å vidareutvikle kompetansetilbodet vårt. Vi har oppretta

⁵ Dette er dei tre modulane i kurset: Ledelse og rammene for styring i staten, Løpende oppgaver og hverdagsledelse og Fremsynt lederskap og innovasjon.

ein eigen nettstad med informasjon om arbeidet i denne komiteen, der ferdige rapportar blir publiserte fortlaupande.

DFØ koordinerer ei referansegruppe som består av representantar frå samarbeidspartnarane våre frå Nærings- og fiskeridepartementet, Kommunal- og distriktsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Utanriksdepartementet, Finansdepartementet, Regelrådet og Digitaliseringsdirektoratet. Vi har jamlege kontaktmøte med referansegruppa for å koordinere innspela våre til dokument som blir handsama i komiteen, og for å diskutere relaterte problemstillingar knytte til reguleringsarbeid. JD har som følgje av avgrensa kapasitet ikkje hatt høve til å delta på møte i 2022 og 2021.

DFØ deltok saman med Regelrådet på RPC-møta, som blei arrangerte i 2022. Våren 2022 blei RPC-møtet halde digitalt, mens det hausten 2022 blei halde fysisk. Kontaktmøte med referansegruppa blei haldne i forkant av desse møta.

6. Strategisk viktige enkeltoppgåver i 2023

Som ein del av forvaltingsansvaret for utgreiingsinstruksen og fagområdet samfunnsøkonomisk analyse vil DFØ arbeide for stadig å vidareutvikle kompetansetilbodet vårt til departement og underliggende etatar. I 2023 blir dette dei viktigaste strategiske enkeltoppgåvene som vil krevje mest ressursar:

- vidareutvikle kompetansetilbodet vårt, medrekna ferdigstille arbeidet med å oppdatere DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar og DFØ sin rettleiar til utgreiingsinstruksen
- kontinuerleg arbeide med å innarbeide utgreiingsinstruksen i dei andre av DFØ sine fagområde og tenester
- delta i styringsgruppa til Nettverk for rettslige styringsinstrumenter
- koordinere norsk deltaking i OECD-komiteen Regulatory Policy Committee
- etablere ein plan for vidareutvikling og gjennomføring av ei ny statusmåling om etterleving av utgreiingsinstruksen

Nedanfor gir vi ei meir utfyllande beskriving av desse enkeltoppgåvene.

6.1 Vidareutvikle resten av DFØ sitt kompetansetilbod

DFØ har fokus på ei kontinuerleg betring av kompetansenestene våre innan utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar basert på evalueringar og tilbakemeldingar frå brukarane våre. Kompetansetilbodet vårt består av kurs, rettleiing, nettverk og rådgiving (sjå kapittel 5).

I 2023 skal vi ferdigstille arbeidet med å oppdatere DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar, og vi tek sikte på å lansere denne i juni 2023. Vidare tek vi sikte på at DFØ sin rettleiar til utgreiingsinstruksen blir lansert i løpet av hausten 2023. Vi skal planleggje for ei rekke lanseringsaktivitetar for desse rettleiarane for å sikre at vi når breitt ut til målgruppa vår og viktige interessentar som kan bidra til å fremje gode avgjerdsgrunnlag. I tillegg til eit lanseringsseminar i juni skal vi mellom anna nå ut med nyhenda om nytt rettleiingsmateriell på nettsidene våre, i sosiale medium og blogginnlegg og tilby å halde presentasjonar hos departement og verksemder.

Vidare bør vi dessutan rette lanseringsaktivitetar inn mot viktige interessentar som kan bidra til å fremje gode avgjerdsgrunnlag, for eksempel forskings- og utgreiingsmiljø (medrekna

konsulentselskap), kommunesektoren⁶, universitets- og høgskulesektoren, media/presse, Concept, Riksrevisjonen og Regelrådet. Eit konkret tiltak for å nå framtidige byråkratar og andre potensielle brukarar av rettleiinga vår kan vere å få fleire i universitets- og høgskulesektoren til å legge inn rettleiaren som pensum i undervisinga deira.⁷

DFØ prøver stadig ut nye og meir effektive måtar å formidle kunnskap til brukarane våre på. Vi har dei siste åra opparbeidd ein god kompetanse med å tilby digitale kurs og nettverksmøte. Fordelen med digitale kurs er at ein større del av målgruppa vår får sjansen til å delta. Det er i tillegg eit meir budsjett- og miljøvennleg alternativ. Samtidig ønskjer vi å tilby fysiske kurs ettersom denne kursforma i noko større grad eignar seg til fagdiskusjon og gruppearbeid. Tilbakemeldingar frå kursdeltakarane viser at både fysiske og digitale kurs fungerer godt.

I 2023 skal vi halde fram med å tilby både digitale og fysiske kurs innanfor utgreiingsinstruksen. Vidare skal vi tilby både digitale og fysiske kurs innanfor samfunnsøkonomisk analyse, der desse er oppdaterte med ny rettleiing i samfunnsøkonomisk analyse. Vi skal òg vurdere om kurstilbodet bør rettast konkret inn mot delar av forvaltinga som arbeider med prosjekt under staten sin prosjektmodell.

Vi har òg planar om å legge ut fleire videoar om utgreiingsinstruksen og samfunnsøkonomiske analysar på [nettsidene våre](#). Desse er eit supplement til resten av kurstilbodet vårt, og er dessutan ein kostnadseffektiv måte å tilby kurs på som departement og verksemder sjølv kan ta i bruk som ein del av den interne opplæringa.

Vidare vil DFØ bidra med kurs om utgreiingsinstruksen i samband med Departementsakademiet. Kurstilbodet startar truleg opp hausten 2023. Tilboden byggjer vidare på DFØ sitt ordinære kurstilbod om instruksen, men skal i større grad vere tilpassa departementstilsette.

Når det gjeld møta i DFØ sitt nettverk i samfunnsøkonomisk analyse, skal vi halde fram med fysiske møte. Eit viktig formål med nettverket er nemleg å kunne utveksle erfaringar og kompetanse. I tillegg skal vi òg vurdere digital deltaking og/eller gjere videoopptak tilgjengelege i etterkant av nettverksmøta, slik at vi kan nå ut til eit større publikum.

⁶ Oslo kommune vedtok i april 2022 å innlemme utgreiingsinstruksen som ein del av verksemdisinstruksen deira.

⁷ Vi har inga fullstendig oversikt over kva universitet og høgskular som har DFØ sin rettleiar i samfunnsøkonomiske analysar som pensum. Vi har kjennskap til at Universitetet i Ås har rettleiaren vår som pensum, i tillegg til at nokre vidaregåande skular har informert oss om at dei bruker han i undervisinga si.

6.2 Synleggjere utgreiingsinstruksen på dei andre fagområda til DFØ og i DFØ sitt kompetansetilbod

DFØ si rettleiing skal hjelpe departement og verksemder med å sikre god styring og effektiv utnytting av statlege midlar. Vi ser at kompetansenestene og rådgivinga til DFØ generelt i større grad bør dreiaast til å gjere verksemndene i stand til å gjere dei vurderingane som trengst for å tilpasse styringa til eigenarten og behova til verksemda. I dette ligg det dessutan å utvikle verktøy og kompetanse til å vurdere og implementere balansen mellom styring og kontroll innanfor verksemda sin kontekst. Slike vurderingar omfattar balansen mellom ressursbruken til utgreiing og smidig utvikling. Det omfattar òg samanhengar mellom utgreiing, måling, evaluering og gevinstrealisering og kopling mellom usikkerheit, kompleksitet og kunnskapsbehov. Slike avvegingar vil prege vidareutviklinga av kompetansenestene våre på styringsområdet.

Vidare har DFØ ansvar for fagområdet leiing i staten og tilbyr i den samanhengen ei rekke kurs på Læringsplattformen. Det å synleggjere kva rolle og funksjon utgreiingsinstruksen har, er viktig innanfor enkelte delar av dette kurstilbodet (jamfør kapittel 5.4). Her er ei kort beskriving av to nye tilbod i 2023:

- Våren 2023 lanserer DFØ eit nytt e-læringskurs i grunnleggjande forvaltingskompetanse, der gode avgjerdsgrunnlag blir handsama og utgreiingsinstruksen er nemnd. Målgruppa for kurset er medarbeidarar og leiarar i staten, både nyttilsette og meir erfarne.
- Hausten 2023 lanserer DFØ eit nytt e-læringskurs i forsvarleg sakshandsaming og rolla di som statstilsett. Også her er det å lage gode avgjerdsgrunnlag og utgreiingsinstruksen tematisert. I motsetnad til e-læringskurset i grunnleggjande forvaltingskompetanse, som i større grad er eit innføringskurs, kjem sakshandsamingskurset til å leggje til rette for ferdighetstrening som går meir i djupna.

Enhet for offentlig ressursbruk (ORB) i DFØ arbeider med auka kunnskap om og merksemd rundt god bruk av offentlege ressursar, mellom anna gjennom arbeid med områdegjennomgangar. Spørsmåla i utgreiingsinstruksen er grunnleggjande for å gjere slike vurderingar på ein god måte. Framover skal vi arbeide med å sjå det DFØ gjer på områdegjennomgangar, endå meir i samanheng med forvaltinga av utgreiingsinstruksen. Det omfattar å sjå på kva metodar som er relevante for å gjennomføre slike gjennomgangar.

6.3 Nettverk for regelverksforvaltning

DFØ skal halde fram med å vere medlem i styringsgruppa for «Nettverk for regelverksforvaltning» (tidlegare kalla Nettverk for rettslige styringsinstrumenter) saman

med representantar frå Forsvaret, DSB, Politidirektoratet og Skatteetaten (jamfør kapittel 5.1). I tillegg skal vi ha eit administrativt ansvar. Vi tek sikte på å arrangere eitt nettverksmøte i halvåret. Første halvår 2023 blei det halde eit møte som tematiserte moglegheiter og utfordringar knytte til funksjonsbaserte reglar.

6.4 Deltaking i OECD sin Regulatory Policy Committee (RPC)

DFØ vurderer å delta i OECD sin Regulatory Committee (RPC) som ein nyttig og relevant lærings- og nettverksarena innan reguleringsarbeid (jamfør kapittel 5.5). DFØ skal følgje opp ansvaret som nasjonal koordinator ved å vere ein aktiv aktør som legg til rette for eit godt samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

6.5 Etablere ein plan for vidareutvikling og gjennomføring av ei ny statusmåling om etterleving av utgreiingsinstruksen

DFØ skal hausten 2023 starte med å førebu ei ny statusmåling om kvaliteten på utgreiingar av statlege tiltak. Førre statusmåling blei publisert i februar 2020.⁸ Denne studien viste at det framleis er store svakheiter knytte til å oppfylle minimumskravet i instruksen, og det blir i for liten grad gjennomført samfunnsøkonomiske analysar. I tillegg blir ikkje prosesskrava oppfylte godt nok.

Vi skal vurdere om det bør gjerast nokon endringar ved neste statusmåling. Mellom anna skal vi vurdere korleis vi kan fange opp eit større utval av utgreiingar. I førre måling var det i hovudsaka utgreiingar innanfor regelverksområdet som blei fanga opp. Vidare kan det vere aktuelt med ei djupneevaluering for å finne fram til god praksis i tillegg til å finne meir ut av årsakene til mangelfulle utgreiingar. Val av innretning og ambisjonsnivå må vurderast nærmare ut frå kor mykje ressursar vi skal bruke på ei slik måling.

⁸ Sjå rapport på nettstaden til DFØ: [Tilfredsstiller statlege utgreiinger krava i utgreiingsinstruksen? Statusmåling 2019 – DFØ \(dfo.no\)](https://www.dfo.no/tilfredsstiller-statlege-utgreiinger-krava-i-utgreiingsinstruksen-statusmaeling-2019-dfo-no/)

